

Intensjonsavtale

om arbeid for å oppnå status som

Trafikksikker kommune

Det er i dag inngått følgende avtale mellom

Kinn kommune, Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk

Dato: 15.02.2023



Trygg Trafikk
Andrén Segrestad
Spesial rådgjevar

Vestland fylkeskommune

Amalie B. Malm



Kinn kommune



Vestland
fylkeskommune



1. Partar og representantar

Kinn kommune sin kontaktperson er: Sigmund Solheim

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson er: Amalie B. Malmo

Trygg Trafikk sin kontaktperson er: Audun Heggstad

2. Avtalen sitt omfang

Avtalen omfattar arbeid for at Kinn kommune skal oppnå status som «Trafikksikker kommune» innan desember 2023.

Arbeidet skal leggjast opp med omsyn til skildring av konseptet i Trygg Trafikk sin publikasjon Rettleiar for ein Trafikksikker kommune, utarbeidd av Trygg Trafikk. Heftet syner kva minimumskriterium som bør leggjast til grunn for at ein kommune skal bli godkjent som ein «Trafikksikker kommune». Kriterium skal arbeidast med, slik at dei passar inn i dei lokale høva. Eit hovudmål er at både sjølve prosessen med å oppnå status som «Trafikksikker kommune», og særleg det vidare arbeidet med å oppfylle forpliktingane som dette gir, oppfattast som nyttige i kommunen sitt arbeid med trafikksikring på tvers av sektorar og einingar.

3. Føresetnader for arbeidet

Kommunen bør vere medlem av Trygg Trafikk så lenge arbeidet pågår og kommunen opprettheld status som ein «Trafikksikker kommune».

Arbeidet skal organiserast og leggjast opp med omsyn til skildring i rettleiar for «Trafikksikker kommune», med lokale justeringar som skildra i pkt. 2.

Arbeidet gjennomførast i nært samarbeid med Trygg Trafikk som skal stille seg til disposisjon for rådgjeving og rettleiing, og skal godkjenne vesentlege endringar i organisering og innhald i praktisk gjennomføring.

Trygg Trafikk inviterer til årleg «Trafikksikker kommune»-samling/møte for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling.

For at kommunen skal bli godkjent, må alle kriteria vere oppfylt, og kommunedirektøren må leggje fram nødvendig dokumentasjon (rapporterings skjema fra seksjonsleiarane). Trygg Trafikk er formelt godkjenningsorgan for å få status som ein «Trafikksikker kommune».

Godkjenning som «Trafikksikker kommune» må fornyast kvart 3. år.



Kinn kommune



Vestland
fylkeskommune

